



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato:** 21.08.2014  
**Møtetid:** 15:00 - 17.15  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Roy Vegard Hope (H)	Eva Hellevang (H)
Gunnar Bruvik (Frp)	Karl Kolbotn (Frp)

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
Rådmann Ramsli, ass.rådmann Våge, Pleie og omsorgsleiar G.L.Hjartnes

<b>Møteleiar:</b>	Marit Aase (Krf)
<b>Møtesekretær:</b>	Hilde-Lill Våge

<b>Merknader:</b>

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	Brigt Olav Gåsdal (Ap) orienterte om møtet i Eldrerådet, 21.08.14. Dei tek til orientering sak vedk. mellombels drift vedk. bygging av ny sjukeheim.
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 28.08.2014

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
045/14	14/572	Faste saker	
046/14	09/635	Utbygging ved Samnangerheimen - godkjenning av innkome tilbod og fullfinansiering	

**SAKNR. 045/14**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**21.08.2014 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Utvalet sitt kvarter: viser til orientering/melding frå Gåsdal (Ap).

**FORM-045/14 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 046/14**

**UTBYGGING VED SAMNANGERHEIMEN - GODKJENNING AV INNKOME TILBOD  
 OG FULLFINANSIERING**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune inngår kontrakt med HENT for bygging av ny sjukeheim. Oppstart av arbeidet vert sett til 1.11.2014. Før oppstart av arbeid vert det føreteke ein del mindre korrigeringar i prosjektet for å redusera kostnaden.

Følgjande finansieringsplan vert gjeldande:

<b>Total kostnad</b>	122.000.000
<b>Tilskot</b>	34.900.000
<b>Refusjon mva</b>	24.500.000
<b>Lån</b>	62.600.000

**21.08.2014 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp) og Karl Kollbotn Frp sette fram følgjande framlegg:

” Kostnaden ved å riva dei eldste delane av Samnangerheimen og i staden reisa eit nytt bygg er no rekna til 122 millionar kroner, jf. saksutgreiinga frå rådmannen. Denne summen er langt over 100 millionar, som kommunestyret tidlegare har sett som øvre grense for byggjekostnadene. Her kjem det til at alle kostnader med prosjektet enno ikkje er kjende. Det gjeld særleg utgiftene til mellombels drift i byggjeperioden.

Samnanger kommune godtek difor ikkje nokon av tilboda som har kome på bygging av ny sjukeheim på Haga. I staden skal det undersøkjast om det er mogleg å finna andre og rimelegare løysingar for å få bygt ny sjukeheim. Her må det sjåast både på tilbygg til / rehabilitering av den noverande sjukeheimen på Haga – og bygging av ny sjukeheim på ei anna tomt. Særleg må "Erikajorda" vurderast. Då må det takast med i arbeidet at det skal vera mogleg å utvida talet på sjukeheims plassar når det trengst.

Rådmannen legg fram sak om vidare arbeid med dette til kommunestyremøtet 24. september, inkl. finansiering av ny utgreiing.”

Det vart røysta alternativt over framlegg til vedtak og Røen (Sp)/Kollbotn (Frp) sitt framlegg. Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster og 2 røysta for Røen/Kollbotn sitt framlegg.

Desse røysta for rådmannen sitt framlegg til vedtak;

- Brigte Olav Gåsdaal (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Ragnfrid Olsnes (bl)
- Eva Hellevang (H)
- Marit Aase (Krf)

Desse røysta for Røen (Sp) sitt framlegg:

- Øyvind Røen (Sp)
- Karl Kollbotn (Frp)

**FORM-046/14 VEDTAK:**

Samnanger kommune inngår kontrakt med HENT for bygging av ny sjukeheim. Oppstart av arbeidet vert sett til 1.11.2014. Før oppstart av arbeid vert det føreteke ein del mindre korrigeringar i prosjektet for å redusera kostnaden.

Fylgjande finansieringsplan vert gjeldande:

<b>Total kostnad</b>	122.000.000
<b>Tilskot</b>	34.900.000
<b>Refusjon mva</b>	24.500.000
<b>Lån</b>	62.600.000